

ELDAR HEIDE

Arkiv för nordisk  
Folklag 115, 2000

## Auga til Egil

Ei nytolkning av ein tekststad i Egilssoga

I Egilssoga gjer Egil ein stad nokre utrulege grimasar med augnebryna. Eg føreslår at grimasane ikkje berre skal oppfattast som uttrykk for harme, men at dei skal lesast i lys av at auget og blikket kunne oppfattast som eit våpen.

Scenen er hallen til Englands-kongen Adalstein. Egil og Torolv, bror hans, har vori i teneste hos kongen, men no er Torolv fallen i det store slaget på Vinheia. For det held Egil kongen ansvarleg, for kongen hadde tvinga Egil til å skiljast frå broren under slaget, og Egil hadde visst at det kom til å gå gali. Når han kjem til kongen etter slaget, får han sess midt i mot kongen, og det som sidan skjer er skildra slik:

Egill settisk þar niðr ok skaut skildinum fyrir foetr sér; hann hafði hjálm á hófði ok lagði sverðit um kné sér ok dró annat skeið til hálfis, en þá skelldi hann aptr í sliðrin; hann sat upprétt ok var gneypr mjök [så kjem ei skildring av Egil, av utsjånaden hans generelt, av kor stort og grovt han er bygd, og kor hard og morsk han er når han er sint], en er hann sat, sem fyrr var ritat, þá hleypði hann annarri brúninni ofan á kinnina, en annarri upp í hárrœtr; Egill var svarteygr ok skolbrúnn. Ekki vildi hann drekka, þó at honum væri borit, en ýmsum hleypði hann brúnunum ofan eða upp. Adalsteinn konungr sat í hásæti; hann lagði ok sverð um kné sér, ok er þeir sátu svá um hrið, þá dró konungr sverðit ór sliðrum ok tók gullhring af hendi sér, mikinn ok góðan, ok dró á blóðrefilinn, stóð upp ok gekk á gólfit ok rétti yfir eldiinn til Egils. Egill stóð upp ok brá sverðinu ok gekk á gólfit; hann stakk sverðinu í bug hringinum ok dró at sér, gekk aptr til rúms síns; konungr settisk í hásæti. En er Egill settisk niðr, dró hann hringinn á hond sér, ok þá fóru brýnn hans í lag; lagði hann þá niðr sverðit ok hjálminn ok tók við dýrshorni, er honum var borit, ok drakk af. (*Egils saga Skalla-Grímssonar* kap. 54–55, s. 143–144, utheva her.)

"Egil sette seg ned der og skaut skjoldet ned føre føtene sine. Han hadde hjelm på hovudet og la sverdet over knea; snart drog han det halvt ut, snart smelte han det ned i slira att. Han sat opprett og var ovleg harm [... (sjå originalsitatet)]. Da han no sat som før er skrivi, drog han det eine augnebrynet ned på kinnet, og det andre opp i hårrøtene. Egil var svartøygd og brundæmd. Han ville ikkje drikka noko, enda dei baud han, og skiftevis drog han augebryna ned eller opp. Kong Adalstein sat i høgsetet; han la òg sverdet over knea, og da dei hadde sett så ei stund, drog kongen sverdet or slira, og tok ein stor og god gullring av handa si og sette på sverdodden, stod opp og gjekk på golvet og rette ringen over elden til Egil. Egil stod opp, drog sverdet og gjekk på golvet; han stakk sverdet inn i ringen og drog til seg, gjekk så til plassen sin att. Kongen sette seg i høgsetet. Da Egil sette seg ned, drog han ringen på handa si, og bryna kom i lag att. Han la da sverdet og hjelmen ned og tok imot dyrshornet som vart bori til han, og drakk or." (*Egilssoga* s. 112–113, utheva her.)

Mang ein lesar har nok prøvd å følgje skildringa og gjera slik med augnebryna som det står, for sanneleg er skildringa spesiell. Den vanlege måten å forstå ho på, er vel å ta grimasane ganske enkelt som uttrykk for kor opprørd Egil er, korleis han stirr med å tøyme sinnet som sprenger på innanfrå. Slik ser det ut til at t.d. Preben Meulengracht Sørensen (1995: 128) oppfattar det. Han seier at Egil "sidder med ludende hoved og skærer ansiger" og at "hele hans holdning udstråler fjendtlighed". Eg kjenner ikkje til at nokon har tolka "arbeidet" med augnebryna noko nærmare enn dette. Forslaget mitt er å oppfatte det på ein ganske konkret måte, ut frå at auga kunne oppfattast som eit våpen. At dei kunne det, skal eg no nemne ein del døme på; dei fleste har eg frå Riti Kroesen sin artikkel om det kvasse, farlege blikket frå 1985.<sup>1</sup>

Saxo seier om helten Olo at "his aspect was so wild that the enemy reacted to his gaze as they would to others' weapons, and his piercing, glittering eyes terrified the very bravest men"<sup>2</sup> (Fisher/Davidsson 1979: 228). Når Starkad skal drepa Olo, klarer han ikkje å nærme seg før andletet til Starkad er dekt, slik at blikket hans er ufarleggjort (*Saxonis Gesta Danorum* s. 221, Fisher/Davidsson 1979: 244). Same motivet finn vi i mange kjelder. I Volsungsoga vil Guttorm drepa

<sup>1</sup> Eit hovudsprøsmål hos Kroesen er om den eller den har "det vonde auget" eller ikkje. For drøftinga mi har ideen om "det vonde auget" ingen ting å seia; eg konstaterer berre at auget kunne oppfattast som eit våpen.

<sup>2</sup> *Præterea adeo visu efferus erat, ut quod alii armis, ipse oculis in hoste ageret ac fortissimum quemque vibrante luminum acritate terroreret* (*Saxonis Gesta Danorum* s. 209).

Sigurd, men har ingen ting å stille opp mot blikket hans: *er hann leit við honum þordi Guttormr eigi at veita honum tilræði ok hvarf út aftr, ok svá ferr i annat sinn.* Augu Sigurðar váru svá snör at fár einn þordi gegn at sjá. (Völsunga saga 190.) Dottera, Svanhild, fekk snör augu sem fadir hennar, svá at fár einn þordi at sjá undir hennar brún (Völsunga saga 213). Når dei vil drepa henne ver ho seg med auga, og dei får ikkje livet av henne før blikket hennar er uskadeleggjort: *En er hun brá í sundr augum, þá þordi eigi hestarnir at sporna hana. Ok er Bikki sá þat, mælti hann at belg skyldi draga á höfuð hennar, ok svá var gert, en síðan lét hun líf sitt.* Same grunn må det vera til at dei i Laksdøla dreg ein sekk over hovudet på seidmannen Hallbjørn *slikistethsíauga* når dei skal drukne han. Når dei skal ta bror hans, *Stígandi*, "blindar" dei han på same vis med ein sekkk. Likevel får han sett ut gjennom eit hol i sekken, og blikket hans drep groren for alltid der det råkar lia (Laxdøla saga 107–109).

Om kong Olav Haraldsson seier Sighvatr Þórðarson i si *Erfidrápa Óláfs helga* frå ikring 1040 (str. 13, Skjd I B: 242):

*Geirs hykk grimmligt vóru  
gnýreifum Áleifi  
loghreytqondum lítia  
lóns i hvassar sjónir;  
þordut þraenzkir virðar,  
þótti hersa dróttin  
ógurligr, i augu  
ormfrón séa hónum.*

Finnur Jónsson løyser dette opp slik (ib.): *Hykk lóns loghreytqondum vóru grimmligt lítia i hvassar sjónir geirs gnýreifum Áleifi; þraenzkir virðar þordut séa i ormfrón augu hónum, hersa dróttin þótti ógurligr.* Det blir: "Jeg ved det var frygtindgydende for mændene at se mod den kampglade Olavs hvasse øjne; de trønderske mænd vovede ikke at se ham i øjnene, der lynede som ormens; hersernes fyrste fandtes at være frygtelig". I Snorre si Særskilde Olavssoge (s. 570) er denne strofa sitert, med kommentaren: *Pá er Óláfr konungr gekk fram ór skjaldborginni ok i qndverða fylking, ok er böndr sáu i augu honum, þá hræddust þeir ok fellust þeim hendr; þess getr Sighvatr: [...]*

I Grettessoga slåst Grette med daudingen Glámr, og får han endeleg i bakken. Men da tek Glámr i bruk det farlegaste våpenet sitt: *Glámr hvesssti augun upp í móti, en svá hefir Grettir sagt sjálfr, at þá eina sýn*

*hefir hann sét svá at honum brygði við. Þá sigaði svá at honum af ollu saman, mæði ok því er hann sá, at Glámr gaut sínum sjónum harðliga, at hann gat eigi brugðit saxinu ok lá náliga i milli heims ok heljar.* (Grettis saga Ásmundarsonar 121.)

Det er ikkje sagt i reine ord i desse døma at auga er våpen. Men dei fungerer som våpen. Blikket blir retta mot fienden som eit våpen og råkar han som eit våpen, og den som brukar blikket oppnår det same som med eit våpen. Anten det er i våpenstrid (Olav og bøndene, Olo), snikmord (Gutterm og Sigurd, Starkad og Olo), brytekamp (Grette og daudingen) eller avretting (Svanhild og hestane), så gjer blikket same nyitta som eit sverd eller spjut ville ha gjort — 'eller betre. Mot denne bakgrunnen blir det naturleg at ein snakkar om *hvøss augu, hvassar sjónir* og å *hvessa augu*, nett som *hvøss vópn, hvasst sverð* og å *hvessa sverð*.

Ingen av dei tekstdatene eg har nemnt til no er direkte parallelle til tekstdatene i Egilssoga. Ein slik parallel meiner eg vi finn i Soga om Sigurd Jorsalfar. Der blir det fortalt at kong Sigurd ville skifte ut dronninga si med ei anna. Det protesterte sjølvsagt biskopen på, men da fekk han kongens harme over seg:

*svá sýndisk honum konungr ógurligr, er hann reiddi sverðit en hvessti augun á byskup meðan hann talaði, at hann þóttisk nær ekki vera fyrir hræðslu* (Sigurðar saga Jórsalafara 172).

Her er vi framme ved springbrettet til sjølve tolkinga mi: Eg meiner sverd og auge blir brukte parallelt i denne historia og historia om Egil i kongshallen. Kong Sigurd slepper harmen laus over biskopen, og da rettar han parallelt sverdet og det kvasse blikket sitt mot han, og desse to tinga saman er det som skremmer vatnet av biskopen. Egilssoga skildrar òg ein kar som er dirrande harm, men han kan ikkje sleppe harmen sin laus, slik kong Sigurd kan. Som kong Adalsteins undergjevne kan ikkje Egil truge kongen. Han rettar ikkje sverdet mot kongen, og han rettar ikkje det kvasse blikket sitt mot han. Likevel brukar Egil, nett som kong Sigurd, auge og sverdet parallelt, på "sabelraslingsnivået". Han syner ei fiendsleg haldning med å sitta fullt våpenbudd til bords inne i gildehallen. Han har skjoldet plassert slik at han når det om det trengst, han har hjelm på hovudet, og han har sverdet sitt i fanget. Sverdet dreg han snart halvt ut, snart smeller han det ned i slira att — som om han er på nippet til å dra det heilt ut og rette det mot kongen. Dette gjer Egil med sverdet. Men viktigare er

det for forfattaren å få sagt kva Egil gjer med **auga**. Dét nemner han tre gonger i eit avsnitt som på prent fyller mindre enn ei bokside. I to setningar på rad forklarer han korleis Egil dreg det eine augnebrynet opp i hårrøtene, men slepper det andre ned på kinnet, vekselvis på det eine og det andre auget. Kva Egil gjer med augnebryna må altså vera eit vesentleg poeng i historia. Rimelegvis er det uttrykk for undertrykt sinne, for heile scenen er ei skildring av undertrykt sinne. Men det Egil gjer er så spesielt at ein må spørja om det ikkje ligg meir i det. Om ein følger skildringa i teksten og prøver å gjera slik det står, så ser ein at Egil ikkje berre sit og skjer grimasar, men at han **sperrar opp og knip att annakvart auge**. Desse to tinga — med sverdet og auga — er det einaste Egil gjer aktivt (attåt det passive å avslå skjenk) der han sit andsynes kongen.

Tilbake til kong Sigurd og biskopen. Når kong Sigurd er rasande rettar han sverdet og dei kvasse auga samstundes mot biskopen. Også i Egil sitt tilfelle er det sverdet og auga forfattaren brukar som uttrykk for sinne. Når Egil er sint, driv han og dreg sverdet halvt og sperrar opp og lèt att annakvart auge. Når han er blid att, legg han bort sverdet, og auga og bryna kjem i lag att. Kva Egil gjer med auga er altså parallelt både før og etter forsoninga.

Skilnaden er korleis sverdet og auga blir brukte. Der den opne harmen blir uttrykt med det

- dregne sverdet og
- opne, kvasse auge retta mot biskopen,
- der blir den undertrykte harmen uttrykt med at Egil
- dreg sverdet halvt ut, men smeller det ned i slira att, og
- sperrar opp og knip att annakvart auge.

Om auga er (som) eit sverd, så er augnelokka og augnebryna slira. Som sverdet må dragast or slira før det kan rettast mot nokon, så må auga opnast før blikket kan rettast mot nokon. Derfor vil å “dra auga ut or slira” vera å heve augnebryna. Når Egil berre dreg opp det eine augnebrynet om gongen, og samstundes slepper det andre ned på kinnet, da blir effekten som om han “dra auga (blikket) snart halvt ut, men smeller dei snart ned i slira att”.

Oppsummert er tolkingsforslaget mitt altså at auga skal oppfattast som eit våpen parallelt til sverdet, og augnebryna (og augnelokka) som ein parallel til slira. Å sperre opp og knipe att annakvart auge blir dermed ein parallel til å dra sverdet halvt og så smelle det ned i slira att.

## Kjelder

- Den norsk-islandske skjaldedigtning I-B* (Rettet tekst). Utg. Finnur Jónsson 1912–15. Gyldendal, København
- Egilssaga Skalla-Grímssonar*. Íslenzk fornrit 2. Utg. Sigurður Nordal 1933. Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík
- Egilssoga*. Omsett av Leiv Heggstad. Revidert av Magne Heggstad, 9. utg. 1994. Det Norske Samlaget, Oslo
- Fisher og Davidson 1979–80: *Saxo Grammaticus: The History of the Danes*, omsett av Peter Fisher, utgjeven av Hilda Ellis Davidson. Brewer, Cambridge
- Grettis saga Ásmundarsonar*. Íslenzk fornrit 7, utg. Guðni Jónsson 1936. Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík
- Jónsson, Finnur. Sjá *Den norsk-islandske skjaldedigtning*
- Laxdæla saga*. Íslenzk fornrit 5. Utg. Einar Ólafur Steinsson 1934. Hið íslenzka fornritafélag, Reykjavík
- Saga Óláfs hins helga. Den store saga om Olav den hellige efter pergament-håndskrift i Kungliga Biblioteket i Stockholm Nr. 2 4to med varianter fra andre håndskrifter*. Utg. Oscar Albert Johnsen og Jón Helgason 1941. Norsk historisk kjeldeskrift-institutt, Oslo
- Saxonis Gesta Danorum*. Utg. J. Olrik & H. Ræder, bd. 1, 1931. Levin/Munksgaard, København
- Sigurðar saga Jórsalvara. I *Fornmanna sögur*. Utg. Hið norræna fornfræðafélag 1825–37, bd. VII, 1832. Hið norræna fornfræðafélag, København
- Völsunga saga. I *Fornaldar Sögur Norðrlanda* I. Utg. Guðni Jónsson 1976. Reykjavík

## Litteratur

- Kroesen, R. 1985: "Hvessir augu som hildingar. The awe-inspiring eyes of the King". *Arkiv for nordisk filologi* 100, s. 41–58
- Meulengracht Sørensen, P. 1995 (1993): *Fortælling og øre*. Universitetsforlaget, Oslo (Århus)